



Landbruks- og matdepartementet

Fråsegn til regjeringa si landbruksmelding

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande fråsegn til Meld. St. 11 (2016-2017):

Stortinget sa i 2014 at auka matproduksjon og auka sjølvforsyning er hovudmåla for norsk jordbruk. Det betyr at vi må ha eit landbruk over heile landet som tek i bruk alle ressursar, både natur og menneske, slik at vi kan nå Stortinget sitt mål.

Landbruket skal produsere effektivt, men det må ikkje gå ut over dei hovudmåla for landbruket som eit fleirtal på Stortinget har bestemt.

Regjeringa si jordbruksmelding som no vert handsama, svarar ikkje på korleis dei vil nå Stortinget sine fire overordna mål for norsk landbrukspolitikk, som er matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og eit berekraftig landbruk.

Regjeringa løfter derimot opp kostnadseffektiv matproduksjon som eit nytt hovudmål i meldinga. Dersom retninga for norsk landbruk skal vere stordrift og større gardsbruk, vil det slå veldig uheldig ut for vår region. Maten må bli produsert der jorda er. Vi må ha marknadsordningar som sikrar at bøndene har tryggleik for å få levert dei produkta dei produserer, og at dei får lik pris uavhengig av avstand til næraste foredlingsanlegg.

Sogn regionråd vil

- at Stortinget sine fire overordna mål for norsk landbruk skal liggja fast
- avvise eit nytt hovudmål om kostnadseffektiv matproduksjon, då det vil overstyra Stortinget sine vedtekne mål for norsk landbruk
- ha ein landbrukspolitikk som tek i vare kulturlandskap, busetnad og verdiskaping i distrikta
- at marknadsordningane vert førde vidare for å sikra landbruk over heile landet
- at det vert lagt til rette for eit mangfaldig landbruk som tek i bruk jorda over heile landet for å auka matproduksjonen på norske ressursar
- oppmoda Stortinget om å gå bort frå ei føreslått forenkling som inneber at refusjon av ferie/fritid blir avvikla
- at ein også skal behalde ordninga med tidlegpensjon som gjer det mogleg for yngre krefter å ta over drifta når bonden fyller 62 år

Sogn regionråd ber Stortinget følgje opp dei viktige måla Stortinget allereie har sett seg når dei skal handsama «Meld. St. 11 (2016/17) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon».

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift